



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Hovudutval for lokal utvikling
Kommunestyret

Møtedato: Sak nr:
15.01.2019 5/19
04.02.2019 10/19

Saksbehandlar: Nina Bjørke
Arkivsak: 18/1453-33

Arkiv: L13

UTSKRIFT MØTEBOK - SLUTTBEHANDLING - PLANID 6320 - REGULERINGSPLAN (DETALJ) - GANG- OG SYKKELVEG LANGS FV. 252 LALANDSVEGEN - S

Saka gjeld

Regulering av gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen, der gang- og sykkelvegen går på vestsida av vegen i staden for på austsida slik det er regulert i gjeldande plan frå 2016.



Plankart



Planprosess og medverknad

Tidlegare behandlingar

Hovudutval for lokal utvikling vedtok samrøystes i møte den 28.08.2018, sak 57/18:

Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja forslag til detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del på Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, ut til offentleg ettersyn.

Utlekking til offentleg ettersyn

Reguleringsplanen med bestemmelsar og planomtale var lagt ut til offentleg ettersyn i tida 7.9.2018 til 22.10.2018. Offentleg ettersyn vart varsla i annonse i Jærbladet 7.9.2018, i brev til offentlege instansar, grunneigarar og naboar, datert 7.9.2018 og publisert på kommunen si nettside.

Innkomne merknader

Det kom inn 5 merknader til planforslaget. Merknadene er referert og kommentert i eige vedlegg.

Omtale av planforslaget

Planforslaget er nærare utgreidd i saksframlegget til 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling i møte den 28.08.2018, sak 57/18 (vedlagt). Plantema som blei utgreidd til 1. gongs behandling blir ikkje gjenteke her. I saksbehandlinga til 2. gongs behandling skal vi berre vurdere innspel frå offentleg ettersyn og eventuelle endringar av planforslaget som følgje av merknadene. Planomtalen skal vere oppdatert slik at endringar i planen etter at den låg ute til offentleg ettersyn første gong er omtalt. Endringar på plankart, i bestemmelsane og i planomtalen er lista opp under.

Endringar i forkant av 2. gongs behandling

Endringar i plankart:

- Frisikt i avkjørselen til eigedom 17/75 er ivaretatt ved at trafo blir flytta.
- Formålsgrensa gjennom kryss med Postvegen er fjerna.
- Krav til frisikt i krysset Lalandsvegen x Postvegen er regulert i tråd med krav til kryss i handbok N100.
- Det er regulert inn frisikt til kryssingspunktet i tråd med krav i N100.
- Gang- og sykkelvegen er ført heilt fram til Postvegen.

Endringar i bestemmelsane:

Reguleringsbestemmelsane § 2 er endra med krav om at tekniske planar skal sendes Statens vegvesen til gjennomsyn før igangsettingstillating kan gis.

Endringar i planomtalen:

Nytt plankart på side 1. Mindre rettingar av språk.

Vurdering av det endra planforslaget

Planforslaget er endra i tråd med merknadene frå vegvesenet slik at forslaget no gir ei betre løysing.

Konsekvensar for kommunen

Endring av regulering frå 2016 endrar lite på totalkostnaden for gang- og sykkelvegprosjektet. Vedtak av planendringa vil dermed lette grunnerv og føre til auka aksept for tiltaket.

Konklusjon

Rådmannen fremmer med dette detaljregulering for Gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, justert 17.12.2018 til 2. gongs behandling.

Vedlegg:

- Plankart, datert 14.08.2018, justert 17.12.2018
- Bestemmelsar, datert 14.08.2018, justert 17.12.2018
- Planomtale, datert 14.08.2018, justert 17.12.2018
- Innkomne merknader til offentlig ettersyn
- Kopi av 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling 28.08.2018, sak 57/18.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for lokal utvikling og kommunestyret med slik tilråding:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, Gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - søre del, Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, justert 17.12.2018.

Hovudutval for lokal utvikling den 15.01.2019 sak 5/19**Samrøystes TILRÅDING:**

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, Gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - søre del, Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, justert 17.12.2018.

Kommunestyret den 04.02.2019 sak 10/19**KOMMUNESTYREVEDTAK:**

Med alle stemmer blei vedtatt:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, Gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - søre del, Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, justert 17.12.2018.

Rett utskrift, 07.02.2019

Marita T. Gamlemshaug
formannskapssekretær